Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 43.

Fylke: Vest Agder

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Øvrebö og Hægeland

Emne: Ting til lægedom og vern mot sykdom.

Bygdelag: Reiersdal og Tjomsås

Oppskr. av: Åmund Reiersdal

Gard: Reiersdal og Frustøl

(adresse): Øvrebö

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
Fortalt av Olav Reiersdal og Nils Frustøl, 75 år, bonde.

SVAR

1. Nils Frustøl fortel at ringer på fingran var brugt mot gigt.

2. Ringan såg ut som giftringer og var av kobber med eit anna metal inni, men forteljaren visste ikkje kva slags metal det var.

3. Det er ukjendt no korleis ringan var kjendt og kor di fekk tak i di

4. Elektriske ringer til bruk rundt føtan var ibruk, men korleis di vart gjort elektrisk kjenner ingen no.
Di var å få kjøbt, men kvar di kunde få kjøbt di er gjengen i gløymeboka.

5. Ukjendt utanom det som er nemd i sp. 4.

~~R.~~ Armband.

6-7-8 Alt dette er ukjendt her no.

C. Hengesmykker.

9. Ukjendt.

6. Frå gamalt er slikt ukjendt her etter det eg kan finne, men for ein 15-20 år sidan reiste her på Sørlandet eit kvinfolk og selde slike ting mot gigt som nemt i spursmålet. Det var belter set saman

9965

av sinkplate og ein kobberplate, like store med filt imellom og fire små holer, dette beltet skulde dei bere på berre kroppen, kring beltestaden og so legge slike sink og kobber-plater i skoan.

Svindlerskken var visst teken av politiet til slutt.

C og d. Ukjendt.

D. Belter

10-11-12-13.

Noe anna enn det som er nemt under 9. b. er ukjendt.

E. Øreringer

14. Øreringer var kjendt og brukt for å hjelpe på syna; dei var av bly. Dei var likso vel brukt av menn som kvinner.

Omkring århundreskiftet var det slutt med dette.

15. Ringan var laga av bly, dei hadde form som ringer og blei festa i øyra med og stikke hol i øyreflippen.

Olav Reinsdal fortel, då han var liten var han svært plaga av hjertelsjuka og det sette seg agra i auga, so syna vart dårleg, då stakk dei hol i øyreflippen med ein syl og sette blyringer i. Holet var sett av ein av dei vaksne i huset.

16. Dei hadde ringer i båe øyra.

17.-19. Ringan vart brukt for å skjerpe synet, dette gjalt både for menn og kvinner når det var slike ringer som nemnt framanfor.

F. Forskjellige ting

20-21-22.

Andre ting kjenner ikkje folk no.

9965
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING